



Knut Willie Jacobsen  
Garvik  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/27 - 19/4480

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
07.02.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 123/45 Risa

Tiltak: kai og flytebrygge  
Byggjestad: Gbnr: 123/45  
Tiltakshavar: Dag Unnar Mongstad  
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.01.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Etablering av veg krev dispensasjon frå reguleringsplan for Rissundet. Arealet er i reguleringsplanen avsett til leik og friområde. Vi ber om at det sendast inn grunngjeving for at desse føremåla ikkje vert tilsidesett som følgje av tiltaket.
2. Etablering av kai og flytebrygge krev vedtak etter havne- og farvannslova. Som følgje av dette må søknaden handsamast som søknad om rammeløyve då kommunen ikkje kan gje løyve til tiltak før det ligg føre vedtak frå Bergen og omland havnevesen. Vi ber om attendemelding på om du ynskjer at saka skal delast opp og handsamast som rammesøknad eller om du ynskjer å trekke søknaden.

Det ligg ikkje føre samtykke frå Lindås kommune til å etablere veg på eigedom med gbnr 123/59. Ved nabovarsling er kommunen gjort merksam på tiltaket. Byggesak vil sende søknad om etablering av veg til uttale frå eigedomsavdelinga i kommunen.

Etablering av kai og flytebrygge krev uttale og vedtak frå Bergen og omland havnevesen. Dersom du ynskjer at saka skal handsamast som rammesøknad vil kommunen sende søknad om dispensasjon til uttale frå BOH. Dersom kommunen gir dispensasjon kan BOH i neste runde gjere vedtak om løyve til tiltak i sjø.

Då saka må sendast til uttale frå BOH og Fylkesmannen i Hordaland vert fristen forlenga med inntil 4 veker, som er høyringsfrist til anna mynde.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.02.19 . Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

#### **Til orientering:**

Av mottekne opplysningar i søknaden så langt kan kommunen ikkje sjå at dette vil være eit tiltak administrasjonen kan tilrå. Tiltaket som gjeld etablering av veg vil være i konflikt med areal som er regulert til leikeareal og friområde. Når det gjeld tiltak i sjø er i utgangspunktet kommunen også negative til tiltak i sjø når arealet ikkje er regulert og heller ikkje avsett til føremålet. Ein viser også til at det like ved er etablert småbåthamn.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Dag Unnar Mongstad

Storhaugen 49

5955

LINDÅS

#### **Mottakarar:**

Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912

SEIM